

Vakker skøyte restaurert på Skorpo.

29.05.2017



Fortuna flyt vakkert på sjøen igjen.

Sist søndag stod i kystkulturens navn, som så ofte elles, i Vågen på Skorpo. Då vart skøyta Fortuna som vart bygt rundt år 1900 sjøsett etter ei større restaurering i verkstaden til Ole Kristoffer Vågen. Det er Runar Myklebust og Arne Møller som eig den flotte, gamle skøyta.



[Ein av eigarane gjer klar til sjøsetjing.](#)

Båten er bygd som seglskøyte ein gong mellom 1897 og 1905 på Lista. Skøyta kom frå Hundvåg i Rogaland, og hadde vore 75 år i den same familien, då Runar Myklebust og Arne Møller overtok den i 2014. Johan Stangeland kjøpte ho på slutten av 1930-talet. Fyrst var båten seglskøyte, og sidan har ho hatt 2 dieselmotorar. Rundt 1920 fekk ho ein 15 hk Union. Denne vart skifta til ein 48 hestars Marna-diesel i 1972, og den står i skøyta framleis. Skøyta har vore nytta til sildetransport. Då Johan Stangeland kjøpte båten fekk den namnet Jostang, og seinare skifta namnet til Nadodd. Etter at Myklebust og Møller overtok båten, fekk ho det opphavslege namnet Fortuna.

Før uskedalingane overtok skøyta, hadde ho stått på land, og det var fleire som vurderte å overta ho etter at ho vart annonsert på finn.no. Men dei hadde problem med å få ho til å flyta. Lekkasje var så stor som 1000 liter i timen. Møller og Myklebust overtok båten. Dei fekk slept den til Kopervik, og saman med dottera Vivian gjekk Møller den til Steinsletto. Seinare gjekk Myklebust og Møller den til Skorpo, og tetta skroget hos Vågen. Etter det har vi sett Fortuna liggja på staseleg vis i sjøen ved Steinsletto.

Vinteren 2016/17 har Fortuna stått inne i verkstaden til Ole Kristoffer Vågen. Der har det blitt gjort eit stort restaureringsarbeid. Terje Skorpen har vore til god og fagkyndig hjelp, og heile familien til eigarane har lagt ned mange dugnadstimar. Søndag kom restaureringsarbeidet av Fortuna eit stort steg vidare då ho vart sjøsett. Sjøsetjinga skjedde til toradarspel av Terje Skorpen.

No gjenstår innreiing og å få masta opp så er eit vakkert stykke kystkultur berga og gjenoppliva.



[Fortuna på veg til sjøs.](#)

Tekst: Anja Strûter/Thor Inge Døsland

Foto: Anja Strûter

Nett: Thor Inge Døsland